

Arne Aven
Sundsbøvegen 157,
5955 LINDÅS

Til
Alver Kommune.

Merknader til planprogram for Kommuneplanen sin samfunnsdel.

Har merknader og forslag til følgjande punkt i planprogrammet.

Pkt 2.3. Langsiktig og overordna arealstrategiar.

Eksempel på retning innan arealstrategi som vi kan sjå nærmere på i samfunnsdelen.

I prikkpunkt 3 står:

Avklare kor hovudtyngda av utviklinga i kommunen skal skje.

Begrepet utvikling har ingen eintydig definisjon, og då vert det problematisk å ha som arealstrategi, å avklare kor hovudtyngda av noko udefinerbart, skal skje.

Strategien i planarbeidet må vere å få fram muligheter og føresetnader for utvikling, og leggje til rette for slik, i eigna område i heile kommunen, utan å planleggje kor hovudtyngda av all aktiviteten bør leggjast.

Viktige område for utvikling, som må leitast opp i planarbeidet, fins over heile kommunen.

Forslag:

Punktet går ut, eventuelt erstattast med nytt punkt:

- *Finne fram til område som bør prioriterast for ønska utvikling i planperioden..*

Pkt 4.2.8 Levekår og helse.

Fint om Alver kunne definere ein eigen strategi for gruppa «friske eldre»

Aldersgruppa, over pensjonsalder utgjer i dag ein betydeleg del av folketalet i Alver, og andelen vil auke i tida framover.

I planprogrammet er søkerlyset på gruppa eldre, knytta til tiltak for å bevare helse, det å klare seg lengst mogeleg i eigen bustad, heimesjukepleie og sjukeheimslassar. Alt som står, er rett og nødvendig.

Her kunne komunen og hatt søkerlys på den delen av eldregruppa som ikkje umiddelbart etterspør slike tenester, men har andre interesser og behov. Dei som er ressursstreke og friske.

Er det noko dei kan bidra med i Alver?

Eller er det ok som no, at dei må gjerne halde seg til sine reiser, utanlandsopphold og andre private gjemål? Alver er først interessert nå dei kjem og etterspør hjelp.

Ingen kritikk av nokon, men eg trur det kunne vore nyttig og i alle fall interessant om Alver i sin strategi/planprogram kunne hatt eit tema der spørsmålet er:

- Korleis kan vi ordne Alver slik at friske eldre føretrekkjer å investere ein større del av den mest aktive tida si, i eigen kommune?

Dette forslaget er samstundes grunn til at eg og føreslær: **at eldrerådet og bør namngjevast særskilt som samarbeidsorgan i pkt 3.2 «plan for innbyggjarinvolvering og kommunikasjon».**

Pkt 4.2.5 Alver sin rolle i regionen.

Planprogrammet fokuserar på Knarvik si rolle som kommune og regionsenter. Det er viktig og rett. I programmet står og at: «*stortinget har gitt kommunen rolla som regional samfunnsutviklar. Dette betyr at Alver må ta ansvaret for heilskapleg og ønska utvikling i regionen*»

Skal Alver/Knarvik bli det regionsenteret det kan bli, noko eg håpar på, så er det nødvendig at dei andre kommunane i regionen har same mål.

Her meiner eg at Alver som regionsenterkommune, må ta initiativet og styringa.

I planprogrammet saknar eg sterkt ein tydeleg, imøtekommande og aktiv haldning frå Alver, til dei andre kommunane i regionen, om utvikling av Knarvik som regionsenter.

Forslag.

Alver vil i planarbeidet ta kontakt med dei andre kommunane i regionen med mål å vidareutvikle og styrke Knarvik som regionsenter.

Pkt 4.2.6 Næringsutvikling.

For meg er det heilt uforståeleg at Mongstdaområdet og industriområda rundt ytre Fensfjordne ikkje er nemnt i planprogrammet under dette punktet.

Det som står om handelsnæringa i Knarvik og handelsnæringa si betydning for utviklinga av tettstader og sentra i Alver, er rett og bør sjølv sagt stå, men hovudårsaka til at Alver er kommunen, og at vi bur her, er det som skjer rundt ytre Fensfjorden.

Eg trur, at dersom rådmann, administrasjon og politikarar i Alver hadde snudd seg og sett nordover frå Knavik, - (ikkje berrre sørover mot Bergen) så hadde betydningen av dette området vore nemnt og framheva som eige namngitt område i planprogrammet, - ikkje berre handelsnæringa i Knarvik.

Forslag til nytt punkt:

Alver vil i planarbeidet invitere nabokommunane rundt Mongstad og ytre Fensfjorden, til samarbeid med mål om å vidareutvikle desse til beste for regionen.

4.2.2 Samordna areal og transpportplanlegging.

I siste avsnitt før eksempel står:

Både statlege forventingar til kommunal planlegging og bærekraftmåla legg vekt at det må planleggjast for meir konsentrert utbygging rundt tettstadane, samstundes som vern av landbruksreal, naturverdiar og kulturmiljø blir vektlagt.

Denne formuleringa er altfor enkel og unyansert til å vere programstyrande for arbeidet med arealutviklinga i Alver.

At staten har forventningar, om at det må planleggjast for meir konsentrert utbygging rundt tettstadane, er viktig å få fram, og må stå.

Men det står ingen stad i bærekraftmåla, slik dei er referert her, at det i desse ligg forventingar om meir konsentrert utbygging rundt tettstadane

Bærekraftmåla må sjølv sagt Alver gjere alt for å oppfylle. Men det er tema og mål, der løysinga må vere resultat av kommande planlegging.

Effekten av å programfeste at konsentrert utbygging rundt tettstadane, oppfyller forventningar i bærekraftmåla, vil i kommande kommuneplanarbeid føre til at vesentlege vurderingar for å oppfylle måla, kan sløyfast, eller reduserast for slik utbygging. Medan det for planar utanfor desse områda vil vere krav til full dokumentasjon på måloppnåing.

Det er heller ikkje slik at landbruksareal, naturverdiar og kulturmiljø automatisk vert teke vare på om vi byggjer meir konsentrert rundt tettstadane.

I planarbeidet må det settast same krav til utgreiing og dokumentasjon for oppfylling av bærekraftmål og vern av landbruksareal, kulturverdiar og kulturmiljø for all utbygging unasett lokalisering.

Forslag til endra punkt.

Statlege forventingar til kommunal planlegging legg vekt at det må planleggjast for meir konsentrert utbygging rundt tettstadane,

Å oppfylle bærekraftmåla og verne landbruksareal, naturverdiar og kulturmiljø skal vektleggjast ved all kommunal planlegging.

Helsing
Arne Aven

Tlf: 91852483